

Referat frå styremøte nr. 3 – 2016

Dato: 12.05.2016

Tid: 13.30 – 18.00

Stad: Ulstein Hotel

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Andres Riise, Hareid kommune
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune
Styremedlem Synnøve Synnes, Ørskog kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Varamedlem Einar Vik Arset, Ulstein kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgjevar Erlend Krumsvik

Andre:

Ordførar Oddmund Klakegg, Jølster kommune
Ordførar Jan Geir Solheim, Lærdal kommune
Svein Sunde, Gode Vegar AS
Fylkesordførar Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forfall:

Styremedlem Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune
Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune

Møteref: Jan Kåre Aurdal

Sak 20/2016: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.

Ved styreleiar Anders Riise

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

Saker til eventuelt: 1. Støtteerklæring til Kristiansund vedkomande felleseining løn og rekneskap i politiet. Ved Wenche Solheim 2. Støtteerklæring for å behalde arbeidsplassar på Tine Meieri. Ved Wenche Solheim

Sak 21/2016: Godkjenning av referat frå forrige styremøte (nr. 2 - 2016)

Ved styreleiar Anders Riise

Vedtak: Styreferatet vart godkjent. Det var også godkjent per epost ved tilbakemeldingar.

Sak 22/2016: Tema: Samferdsel. Møte med ordførar Oddmund Klakegg, Jølster Kommune og ordførar Jan Geir Solheim Lærdal kommune samt Svein Sunde i Gode Vegar AS.

Ved styreleiar Anders Riise

Orientering frå begge ordførarane om NTP og samferdselssaker Sogn og Fjordane arbeidar med, også i forhold til Sunnmøre. Svein Sunde frå Gode Vegar AS orienterte sett frå Sunnmøre si side, og tok fram ulike vegprosjekt som ein vil satse på.

Det vart ikkje gjort noko konkret vedtak da dette var eit sonderingsmøte/orienteringsmøte.

Sak 23/2016: Kommunereforma

Ved rådgjevar Erlend Krumsvik

Erlend Krumsvik orienterte frå kommunereformprosessen på Sunnmøre og litt om veien vidare fram til 30.06.2016.

Sak 24/2016: Forespurnad om støtterklæring til bygging av storhall (Sunnmøre Spektrum) i Ålesund. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om storhall- prosjektet.

Vedtak: Sunnmøre regionråd avviser å handsame saka på prinsipielt grunnlag.

Sak 25/2016: Orienteringssak: Arbeidet med nytt fengsel på Sunnmøre.

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i arbeidsgruppa så langt. Samt om besøket i Bergen kretsfengsel der dagleg leiar, ordførar i Skodje Dag Olav Tennfjord samt rådgjevar Erlend Krumsvik (alle tre frå arbeidsgruppa) fekk omvisning av direktøren i Region Vest, Per Våge.

Dagleg leiar orienterte og om ei ny samansetning av ny arbeidsgruppe vedkomande Sunnmøre Soningscenter.

Sak 26/2016: Rekneskapsrapport 1. tertial 2016.08.16.

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Vedtak: Rekneskapsrapporten vert teken til vitande.

Sak 27/2016: Tema: Regionreforma. Møte med fylkesordføraren i Sogn og Fjordane, Jenny Følling.

Ved styreleiar Anders Riise

Rådgjevar Erlend Krumsvik orienterte frå administrasjonen si side om Sunnmøre regionråd sitt engasjement, med bl.a. prosessnotatet som var utarbeidd til møte med fylkeskommunen i Møre og Romsdal ultimo mai, samt til styremøtet.

Fylkesordførar Jenny Følling synte til prosessen i Sogn og Fjordane der ein hadde forsøkt å få til møte med Møre og Romsdal fylkeskommune. Ho sa mellom anna at ho ville ha ei opa dør til Møre og Romsdal og Sunnmøre, som igjen kunne føre til eit samarbeid vidare.

Konklusjonen vart at vi skulle halde kontakta framover året. Det vart ikkje gjort noko vedtak.

Sak 28/2016: Eventuelt

1. Støtteerklæring til Kristiansund vedkomande felleseining løn og rekneskap i politiet. Ved Wenche Solheim

Vedtak: Dagleg leiar saman med styreleiar sender ny støtteerklæring til Politidirektoratet etter at saka er sendt på ny høyring 25. april 2016.

2. Støtteerklæring for å behalde arbeidsplassar ved Tine Meieri Ørsta. Ved Wenche Solheim

Vedtak: Dagleg leiar og styreleiar sender støtteerklæring vedkomande Tine Meieri i Ørsta.